

Frivilligsentralen i Radøy
Radøyvegen 1690
5936 Manger



Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Manger den 28. august 2014

Den Kulturelle Spaserstokk

Radøy kommune fekk tilskotsbrev frå Det kongelegge Kulturdepartementet med tilskot på kr 30.000 til kulturtiltak for eldre i 2013/2014.

Kommunen har nytta tilskotet i forhold til vår søknad der me har hatt fokus på profesjonelle kunst- og kulturformidlingar på Velferdssenteret, i Gamle Prestegarden og andre arena i kommunen og i leigde lokale i nabokommunen.

Midlar til Den kulturelle spaserstokken vert rekneskapsført i kommunen sitt økonomisystem. Det er Frivilligsentralen i Radøy som administrerer Den Kulturelle Spaserstokken.

Søknad om midlar frå den Kulturelle spaserstokk 2015

Tiltak nr 1:

Underholdning og tradisjonsmat

Skildring

Heile gruppa (120 pers.) reiser til eit grendahus i nabokommunen. Me nyttar bussar, drosjar, bilar med plass til rullestol og privatbilar. Dei som treng det får personleg ledsager frå Radøy LHL, Radøy Lions eller frå Frivilligsentralen som er med heile dagen. I samfunnshuset er først 1 times underholdning med profesjonelle musikarar og songarar. Deretter allsong og til slutt middag for alle m/tradisjonsmat for alle. På dette arrangementet er det med om lag 120 personar.

Målgruppe: Brukarar på dagavdelinga, personar på institusjon, personar i omsorgsbustadar pensjonistar som bur heime

Kulturgener/tema: Song, musikk allsong, allsong, tradisjonsmat

Arena: Samfunnshus i nabokommunen

Tal på arrangement: Enkeltarrangement

Venta tal på deltakarar: 120 personar

Venta starttidspunkt: Okt 2014

Venta sluttidspunkt: Mai 2015

Eigenandel: Alle som deltek på dette arrangementet må betala ein eigenandel.

Søknadssum: Kr 30 000.

Tiltak nr 2:**Kulturmøte på Velferdssenteret****Skildring**

Frivilligsentralen i Radøy står som arrangør. Det vert leiga inn profesjonelle underhaldarar/musikarar som Rune Larsen, Irene Ahnell, Tor Endresen, Veslemøy Fluge Berg, Henrik Kayser m.fl. Frivilligsentralen hjelper til som personlege assistentar, transport o.l. Har sitjedans og annan dans med dei som klarar vera med.

Målgruppe: Personar på dagavdeling, personar på eldreinstutisjon, personar i omsorgsbustader, alle pensjonistar

Kulturgener/tema: Song , musikk og opplesing. Dans som eigenaktivitet

Arena: Storstova på Velferdssenteret

Tal på arrangement: Kvar månad

Venta tal på deltakarar: 120 personar

Venta starttidspunkt: Oktober 2014

Venta sluttidspunkt: Juni 2015

Eigenandel: Alle som deltek på dette arrangementet må betala ein eigenandel.

Søknadssum: Kr 40 000.

Tiltak nr 3:**Senior-møte for vaksne****Skildring**

Første måndag i kvar mnd. skipar Radøy eldreråd og Frivilligsentralen i Radøy til Temadag. Det vert leiga inn ein førdragshaldar som tek opp eit aktuelt/interessant emne. Førdraget m/spørsmål tek 45 min. Etterpå er det mat. Rådmannen informerer om aktuelle saker. Det vert leiga inn songkrefter og det er også allsong som eigenaktivitet.

Målgruppe: Personar på dagavdeling, personar på eldreinstutisjon, personar i omsorgsbustader, alle pensjonistar

Kultur/genre/tema:

Arena: Gamle prestegarden på Manger

Tal på arrangement: 10 pr år.

Venta tal på deltakarar: 35Venta starttidspunkt: Oktober 2014

Venta sluttidspunkt: Juni 2015

Eigenandel: Desse arrangementa har ingen eigenandel.

Søknadssum: Kr 30 000.

Beste helsing

Frivilligsentralen i Radøy

Rune Rydland

Dagleg leiar

Mobi:91549660